

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: mandag 28. januar 2019 12:24
Til: Nytt att. hivolda.no
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 4/2019, 25. JANUAR 2019.

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 4/2019, 25. JANUAR 2019.

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

FEIRA OPPRYKK FOR 25 FAGLEG TILSETTE

Mange fagleg tilsette ved Høgskulen i Volda har fått faglege opprykk dei siste åra, og dette vart markert med ein middag for dei opprykte på Rekkedal gjestehus torsdag 24. januar. I alt er det 25 tilsette som hadde fått opprykk til dosent, professor, førsteamanuensis eller førstelektor i åra 2016-2018.

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/opprykksmarkering-ara-2016-2018>

NYE STUDENTHEIMAR: HEILTRE-HUS PÅ HELTNE

Arbeidet med dei nye studentbustadene på Heltne (Heltne II) går framover som planlagt. Denne veka kom dei første delane av sjølve treverket i huset. Og det er altså heiltre som er byggemåten. Dette kjem som delar i eit byggesett frå Austerrike og blir sett saman på byggestaden. Følg med på bygginga på kamera frå

Sivolda: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

SAMAN OM CAMPUSUTVIKLING: VIL SKIPE FORUM FOR CAMPUSUTVIKLING

Høgskulen og Volda kommune arrangerte 21. januar 2019 eit møte om campusutvikling i samband med at Volda kommune om kort tid legg fram framlegg til arealplan for Volda kommune. På møtet vart det diskutert utbyggingsplanar, behov for parkeringsplassar, stoppestader for buss, tilrettelegging for syklende og gåande og ei rekkje andre spørsmål. Etter møtet vil høgskulen og Volda kommune kome tilbake med eit framlegg til eit campusutviklingsforum for interessentar i området.

Meir om møtet på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/nyhende/vil-samarbeide-om-campusutvikling>

32 FORSKINGSGRUPPER VED HØGSKULEN I VOLDA

Dei siste åra har interne forskingsmidlar ved Høgskulen i Volda vorte prioritert i retning av forskingsgrupper. Ca 2/3 av dei fagtilsette er med i ei eller fleire forskingsgrupper. 15. januar var det frist for forskingsgruppene til å søkje om driftsmidlar for 2019. Det kom inn søknader frå 27 av 32 forskingsgrupper. Forskingsadministrasjonen vil tildele gruppene som har oppfylt kriteria kr 50.000. Alle forskingsgrupper som søkjer om driftsmidlar må også ha ei oppdatert nettside før dei får pengane. Her er oversyn over forskingsgruppene ved Høgskulen i Volda:

<https://www.hivolda.no/forsking/forskinggrupper-0>

ATEKST: NO KAN DU LESE OGSÅ SVENSKE OG DANSKE AVISER

Biblioteket melder: Den gode nyheita først: Vi har no tilgang til svenske og danske kjelder i Atekst. Når du trykkjer på «Vis kilder» under søkefeltet, vil du kunne gå inn på det enkelte land og få opp oversikt. Den dårlege nyheita: Dei fleste artiklane kan lesast først 48 timar etter publisering. Fleire har kanskje oppdaga at dette står øvst på nettsida til Atekst. Grunnen er at Retriever framleis er i forhandlingar med mediehusa. Ny frist for semje er sett til 28. februar 2019. Ut over dette veit vi ikkje noko meir. Lenke til Atekst finn du her: <https://www.hivolda.no/biblioteket/sok-og-finn-litteratur#A>

PÅMINNING: UTLYSING AV FORSKINGSMIDLAR FRÅ REGIONALT FORSKINGSFOND - FRIST 13. FEBRUAR

Regionalt Forskingsfond for Midt-Noreg har til å søkje på forskingsmidlar. Det er 18 millionar kroner tilgjengeleg og søknadsfristen er alt 13. februar. Bedrifter, klynger og kommunar kan søkje, men må samarbeide med FoU-miljø. Ta kontakt med forskingsleiar Henriette Hafsaas om du vurderer å søke. Meir informasjon på fondets nettsider:

<https://www.forskningsradet.no/servlet/web/prognett-midtnorge/Utlysning/RFFMIDT/1253960376462>

FRIST FOR Å SØKJE FOU-STIPEND FOR HAUSTEN 2019 – 1. FEBRUAR

Det er sett av 5 ekstra FoU-stipend for hausten 2019. Søknadsfristen er 1. februar 2019:

<https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/fou-stipend/sok-pa-fou-stipend>

NYTTÅRSKONSERT 27. JANUAR: SYMFONIORKESTERET INVITERER

Den årlege nyttårskonserten til Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda blir i 2019 arrangert søndag 27. januar på høgskulen.

<https://www.hivolda.no/kulturfag/symfoniorkesteret-med-nyttarskonsert>

MUSIKKVIDEO OM VOLDA SOM EKSAMENSOPPGÅVE

Musikkstudent Simon Hovlund har i eksamensoppgåva si laga ein instrumental med det enkle namnet "Volda". Vel verd å sjå - og høyre!

<https://www.hivolda.no/kulturfag/vakker-musikkvideo-til-studiestaden-volda>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

6.2.2019: Internasjonal dag. <https://www.hivolda.no/en/international/international-week-international-day>

14.2.2019: HMS-dag. Tema: Seksuell trakassering.

21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH

22.2.2019: NSD informerer forskingsutvalet og faglege leiarar om personvern i forskning.

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/ RektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>